



Elin Solbakk Øien

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/437 - 23/5065

Sakshandsamar:
Esther Elizabeth Mae Varøy
esther.varoy@fedje.kommune.no

Dato:
11.10.2023

Mandat for arbeidsgruppe – sjukepleiarturnus ved Fedje sjukeheim

Viser til møte 28.09.2023. Arbeidsgjevar har utarbeidd eit mandat, og ber no NSF og Fagforbundet om å namngje kvar sin representant til arbeidsgruppa. Me ber om å få tilsendt namn innan 20.10.2023, då me ønskjer å starte opp arbeidet så snart som mogleg, seinast veke 44.

MANDAT FOR ARBEIDSGRUPPE

Deltakarar

Hovudverneombod, representant frå NSF og Fagforbundet, kommunalsjef HR og forvaltning, kommunalsjef helse og omsorg og pleie- og omsorgsleiar. Det vil tas forbehold om endring av deltakarar i prosessen. Følgjande vert oppgåvene til gruppa:

1. Denne arbeidsgruppa skal utgreie tiltak for å behalde og kunne rekruttere sjukepleiarar i Fedje kommune.
2. Gruppa skal undersøke ulike løysingar i andre kommunar. Kommunar med lik storleik, samt andre øy-kommunar med overføringsverdi til vår kommune. Forslag til kommunar er Aukra, Modalen, Austrheim, Kvitsøy og Gulen.
3. Det skal utgreiast for økonomisk og personalrelatert konsekvens, samt om saka må/skal behandlast politisk.
4. Gruppa skal komme med ein tilråding av mogleg modell for Fedje kommune.

Me er takksam for innspel til mandatet, og gler oss til å arbeide saman i partsamarbeidet med denne viktige saka.

Med helsing

Esther Elizabeth Mae Varøy
Kommunalsjef HR og forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

Annika Tvedt Villanger

Nadine Gutte-Preusse

Mottakarar:

Elin Solbakk Øien

Svein Helge Hopland